Ein del spørsmål vart svara ut i forbindelse med orienteringa.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

ER - 007/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ber kommundirektøren om å gå vidare i prosessen slik den er omtalt i denne saka.

2. Sak om salsutlysing av kommunal tomt ved Nausthaugen vert lagt fram til politisk handsaming før utlysing.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Vibeke Bjørkavåg (H) stilte spørsmål om moglegheitsstudiet er i tråd med reguleringsplanen.
Dette vart drøfta.

Turid Humlen (H):

Til kommunestyret må vi få sikker kunnskap om at moglegheitsstudiet er i tråd med reguleringsplanen.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 055/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ber kommundirektøren om å gå vidare i prosessen slik den er omtalt i denne saka.
2. Sak om salsutlysing av kommunal tomt ved Nausthaugen vert lagt fram til politisk handsaming før utlysing

054/26: Forskrift om fellingsavgift

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek forslag til forskrift vedlagt. Fellingsavgifta skal følgje, til ei kvar tid, maksimal sats gitt i Stortingets Budsjettvedtak. Endringsforskrifta har vore lagt ute på høyring, med høyringsfrist på 3 veker. Det er ikkje motteke merknadar. Grunngjeving; Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innanfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen

Behandling i Kommunestyret 17.06.2026

Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

K - 054/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek forslag til forskrift vedlagt. Fellingsavgifta skal følgje, til ei kvar tid, maksimal sats gitt i Stortingets Budsjettvedtak. Endringsforskrifta har vore lagt ute på høyring, med høyringsfrist på 3 veker. Det er ikkje motteke merknadar. Grunngeving: Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen.

Behandling i Utvalet for viltsaker 10.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

VILT - 006/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek forslag til forskrift vedlagt. Fellingsavgifta skal følgje, til ei kvar tid, maksimal sats gitt i Stortingets Budsjettvedtak. Endringsforskrifta har vore lagt ute på høyring, med høyringsfrist på 3 veker. Det er ikkje motteke merknadar. Grunngeving: Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Saka vart drøfta og kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedtatt med nokre rettingar i innstillinga til:

Sula kommunestyre vedtek forslag til forskrift vedlagt. Fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets sitt budsjettvedtak.

Endringsforskrifta har vore lagt ute på høyring, med høyringsfrist på 3 veker. Det er ikkje motteke innspel eller merknadar.

Grunngeving: Sula kommune er forplikta til å vedta forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i Sula kommune frå og med ny viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel er gitt i Viltressurslova § 9; Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for kvart dyr som felles av elg og hjort innanfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal stilast til Sula kommune

PM - 046/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek forslag til forskrift vedlagt. Fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets sitt budsjettvedtak.

Endringsforskrifta har vore lagt ute på høyring, med høyringsfrist på 3 veker. Det er ikkje motteke innspel eller merknadar.

Grunngjeving: Sula kommune er forplikta til å vedta forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i Sula kommune frå og med ny viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel er gitt i Viltressurslova § 9; Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for kvart dyr som felles av elg og hjort innanfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal stilast til Sula kommune

055/26: Søknad om kommunal overtaking av drift- og vedlikehaldsansvar for turløypene på indre Sula**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Sula kommunestyre ønskjer å vidareføre og styrkje støtta til lysløypene som viktige folkehelse- og friluftstiltak for innbyggjarane i kommunen, men kan ikkje imøtekomme søknaden til Sula Sportsklubb slik det er ønske om.
2. For å sikre likebehandling mellom lysløypene ved Vassetvatnet, Eikrem og Sundsmyra vert det inngått like avtalar med Langevåg IL og Sula Sportsklubb der kommunen dekkjer dokumenterte straumutgifter knytt til drift av lysanlegga.
3. Sula kommune overtek ikkje drifts- og vedlikehaldsansvaret for lysanlegga. Drift, vedlikehald, oppgraderingar og investeringar skal framleis handterast av eigarane av anlegga og finansierast gjennom eigne midlar, spelemidlar og kommunale eller fylkeskommunale tilskotsordningar.
4. Gjeldande vedtak K-112/14 om kommunalt drift- og vedlikehaldsansvar for lysanlegget ved Vassetvatnet vert erstatta med ny ordning for dekning av dokumenterte straumutgifter etter punkt 2.
5. Kommunen skal også framover kunne bidra til utvikling av lysanlegga gjennom etablerte ordningar for kommunale tilskot, kommunal lånegaranti og forskottering av spelemidlar.

Behandling i Kommunestyret 17.06.2026

Jostein Bergem Håland (SUL) er styreleiar i Langevåg IL som er part i saka, jf punkt 2 i tilrådinga. Det vart røyst spørsmål rundt habiliteten hans. Han gjekk frå. Sulalista hadde ingen møtande vara.

28 stemmeføre.

Habilitet er regulert i forvaltningslova § 6, 1 ledd. Som leiar i eit lag / ei forening som er part i saka, vil han vere automatisk inhabil. Håland vart samrøystes vurdert inhabil.

Saka vart drøfta.

Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

Jostein Bergem Håland kom tilbake.

29 stemmeføre.

K - 055/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre ønsker å støtte Sula Sportsklubb med inntil kr 1.075.000 som eingongssum etter søknad. Dette til utbetring av lysanlegga. Dette under føresetnad av at dei søker om spelemidlar til tiltaka. Slik blir Sula Sportsklubb gitt moglegheit til å kombinere kommunal støtte med dugnadsarbeid og eigne midlar til å realisere lysløypene. Finansiering gjennom auka bruk av disposisjonsfond.
2. For å sikre likebehandling mellom lysløypene ved Vassetvatnet, Eikrem og Sundsmyra vert det inngått like avtalar med Langevåg IL og Sula Sportsklubb der kommunen dekkjer dokumenterte straumutgifter knytt til drift av lysanlegga.
3. Sula kommune overtek ikkje drifts- og vedlikehaldsansvaret for lysanlegga. Drift, vedlikehald, oppgraderingar og investeringar skal framleis handterast av eigarane av anlegga og finansierast gjennom eigne midlar, spelemidlar og kommunale eller fylkeskommunale tilskotsordningar.
4. Gjeldande vedtak K-112/14 om kommunalt drift- og vedlikehaldsansvar for lysanlegget ved Vassetvatnet vert erstatta med ny ordning for dekning av dokumenterte straumutgifter etter punkt 2.
5. Kommunen skal også framover kunne bidra til utvikling av lysanlegga gjennom etablerte ordningar for kommunale tilskot, kommunal lånegaranti og forskottering av spelemidlar.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Fellesforslag utarbeidd i møtet:

Nytt punkt 1:

Sula kommunestyre ønsker å støtte Sula Sportsklubb med inntil kr 1.075.000 som eingongssum etter søknad. Dette til utbetring av lysanlegga. Dette under føresetnad av at dei søker om spelemidlar til tiltaka.

Sula Sportsklubb blir då gitt moglegheit til å kombinere kommunal støtte med dugnadsarbeid og eigne midlar til å realisere lysløypene.

Finansiering gjennom auka bruk av disposisjonsfond.

Ved avstemming sette ein kommunedirektør si innstilling opp mot fellesforslaget.

Fellesforslaget vart samrøystes tilrådd.

F - 058/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre ønsker å støtte Sula Sportsklubb med inntil kr 1.075.000 som eingongssum etter søknad. Dette til utbetring av lysanlegga. Dette under føresetnad av at dei søker om spelemidlar til tiltaka. Slik blir Sula Sportsklubb gitt moglegheit til å kombinere kommunal støtte med dugnadsarbeid og egne midlar til å realisere lysløypene. Finansiering gjennom auka bruk av disposisjonsfond.
2. For å sikre likebehandling mellom lysløypene ved Vassetvatnet, Eikrem og Sundsmyra vert det inngått like avtalar med Langevåg IL og Sula Sportsklubb der kommunen dekkjer dokumenterte straumutgifter knytt til drift av lysanlegga.
3. Sula kommune overtek ikkje drifts- og vedlikehaldsansvaret for lysanlegga. Drift, vedlikehald, oppgraderingar og investeringar skal framleis handterast av eigarane av anlegga og finansierast gjennom egne midlar, spelemidlar og kommunale eller fylkeskommunale tilskotsordningar.
4. Gjeldande vedtak K-112/14 om kommunalt drift- og vedlikehaldsansvar for lysanlegget ved Vassetvatnet vert erstatta med ny ordning for dekning av dokumenterte straumutgifter etter punkt 2.
5. Kommunen skal også framover kunne bidra til utvikling av lysanlegga gjennom etablerte ordningar for kommunale tilskot, kommunal lånegaranti og forskottering av spelemidlar.

056/26: Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sula kommune.

Kommunedirektøren si innstilling:

Forslag til vedtak:

1. Sula kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.
2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026. (Alternativ pkt 3 for HMR HF: AD i HMR peiker ut nye representantar til SSU innan 01.10.2026.)

Behandling i Kommunestyret 17.06.2026

Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

K - 056/26 Vedtak:

1. Sula kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
"Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall."
2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026.
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026. (Alternativ pkt 3 for HMR HF: AD i HMR peiker ut nye representantar til SSU innan 01.10.2026.)

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 062/26 Vedtak:

1. Sula kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
"Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall."
2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026.
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026. (Alternativ pkt 3 for HMR HF: AD i HMR peiker ut nye representantar til SSU innan 01.10.2026.)

057/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 17.06.2026

Kommunedirektør orienterte om referatsak / RS-sak 010.

Saka vart drøfta.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

K - 057/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

058/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Kommunestyret 17.06.2026

Elin Kilvik Skeide (KrF) stilte spørsmål som Åse P Vegsund hadde sendt inn på vegne av KrF:

Viser til e-post som vart sendt kommunestyret for to vekar sidan når det gjeld kommunale nettbrett / iPader i skulen. Eg lurar på kvifor e-kommune Sunnmøre har ein annan praksis enn det Utdanningsdirektoratet anbefalar.

Kommunedirektøren sitt svar:

Det har vore gjort eit grundig arbeid med å vurdere myndigheita sine anbefalingar og sikre eit trygt digitalt skolemiljø, og samtidig behalde lærarane sine metodefriheiter og elevane sine rom for utforsking.

Den praksisen som er vald i Ekommune Sunnmøre byggjer på ei heilskapleg vurdering ut frå Utdanningsdirektoratet sine anbefalingar, der både tryggleik og pedagogisk bruk er tekne omsyn til. Løysinga med fleire lag av trygging gir etter vurderinga tilstrekkeleg vern mot skadeleg innhald, samstundes som ho gir skulane nødvendig fleksibilitet i undervisninga.

Reine tillat-listar («white-list») er vurdert, men ikkje valt på 3. – 7. trinn, fordi dei kan avgrense tilgang til sentrale læringsressursar. På 3. – 7. trinn er det lagt til rette for alderstilpassa filtrering kombinert med tvungent sikkert søk.

Vurderinga viser at dagens løysing med fleire lag av trygging gir eit høgt nivå av vern for elevane. Dette omfattar mellom anna:

- aldersbasert filtrering av innhald
- blokkering av ukjende eller uklassifiserte nettstader
- bruk av nasjonale sperrelistar (t.d. Kripos-filter m.m.)

- teknisk sikring av einingane (nettbretta)

Dei same tryggingmekanismane som gjeld i skuletida, er også aktive når einingane blir nytta heime.

Kommunen arbeider med å synleggjere tydelege forventningar til bruk av læringsbretta utanfor skuletid, og vil legge følgjande prinsipp til grunn:

- Læringsbrettet er eit skuleverktøy og skal nyttast til leksearbeid og fagleg aktivitet, arbeid i skulen sine digitale plattformer, og oppgåver gitt av skulen.
- Forventningar til og utarbeiding av retningslinjer skal støtte både elevane si læring og bidra til eit trygt digitalt miljø.

Oppfølging:

Kilvik Skeide takka for svar, men viste til at dette ikkje er godt nok når ein får slike treff på nettbretta. Kommunen sitt fokus er barnets beste som flaggsak, og vi har tiltakstenester barn og ungdom og BTI (Betre tverrfagleg innsats). Dette er i midt i smørauget her.

Vi ønsker dokumentasjon på risikovurderinga som er gjort og alle anbefalingane som er gjort for ikkje å følge anbefaling om «white-list».

Ved inkurie hadde spørsmål frå **Jostein Bergem Håland (SUL)** dessverre ikkje kome med ved utsending av innkallinga:

Innspel frå foreldreperspektivet – Svømmetilskudd til barnehager i Sula kommune

Har snakka med nokre av mødrene til 2021-barn i Rørstadmarka barnehage. Det var stor sorg då vi fikk beskjed om at midlane til barnehagesvømming for heile landet har blitt tatt vekk. Slik vi har forstått det har pengene blitt frigitt til kommunane for å sjølve bestemme korleis dei skal forvaltes.

Vi bur på Sula, omgitt av sjø, vatn og brygger. For ungane våre er kontakta med vatn ein del av oppveksten. Derfor er vanntilvenning ein grunnleggande trygghet, ikkje en luksus!

Her er nokre grunner til kvifor vi meina svømmeopplæring for 5- åringar er så viktig.

1. Vanntilvenning i 5 års alderen handlar først og fremst om sikkerheit. Ungane lærer seg korleis kroppen fungerer i vatn, korleis dei skal halde seg flytande, komme seg til kanten og ikkje få panikk om dei fell ut i vatnet.
2. Det er sosialt utjevande. Barnehagebasert svømmeopplæring sikrer at alle barn får et minimum av vannkompetanse uavhengig av økonomi og bakgrunn.
3. Mange kommuner legger av penger til svømmeopplæring i barnehagealder. Sula kommune bør ønske å vise at dei ser viktigheten i svømmeferdigheter i tidlig alder og at dei prioriterer dette. Ikkje alle foreldre har økonomi eller kapasitet til svømmeopplæring og ferdighetene i vatn blir forskjellige allereide fra tidleg alder.
4. Mange foreldre kjenner på stor uro når det kjem til bading og lek nært vatn og i strandsona. Når ungane får profesjonell vanntilvenning gjennom kommuna blir også foreldrene tryggare på å ta dei med på svømming/bading.
5. Barn er usikre i nye aktiviteter, dess tidligere dei starta svømmetrening – dess betre forutsetninger har dei til svømmeopplæring i grunnskulen. Vanntilvenning for 5-

åringane handlar ikkje om å lære seg å svømme langt. Det handlar om å bli trygge i vatn, ha respekt for vatnet og få ferdigheter som kan forhindre ulykker.

6. Femåringer er i en alder der dei lærer grunnleggande motoriske ferdigheter raskt og trygt. Unger som blir trygge i vatn tidleg utvikler mindre frykt, meir mestring og erfaringane sitt ofte resten av livet.

7. Instruktørane på Bybadet har opparbeida seg stor fagleg kompetanse når det kjem til tilvenning i vatn. Dei deler barna opp i grupper etter kor mykje erfaring dei har med vatn og jobbar gruppebasert. Alle barn får då kjenne på mestringsfølelse og er kun opptatt av seg sjølve og kva dei sjølv får til. Opplæringa blir for alle og ungane får kjenne på glede og inkludering.

8. Melding fra barnehagen som har deltatt på svømmeopplæring tidligare seier: "Det har blitt erfart stor utvikling på barna sin trygghet i vatn og barnehagen er overbevist om at det har gjort vidare svømmeopplæring enklare for barna. Dei såg også at tilbudet hadde sosialt utjamnande tiltak."

9. Førebygging er billegare enn ulykker. Å investere i tidleg vanntilvenning er eit enkelt og konkret folkehelseiltak som kan vere med å førebygge drukningsulykke seinare.

For foreldre handlar vanntilvenning ikkje om fritidsaktivitet, men om grunnleggande trygghet i eit samfunn der vi er omgitt av vatn.

Ved presentasjon av innsendt spørsmål i kommunestyret kom Håland med eit nytt spørsmål som ikkje var innsendt: "Kvifor kom ikkje saka opp politisk, men vart behandla administrativt?"

Kommunedirektør hadde førebudd dette svaret på det som var innsendt:

Vi har stor forståing for at mange foreldre opplever det som skuffande at tilbudet om svømmeopplæring for førskulebarn ikkje kan vidareførast slik det har vore tidlegare. Innspelet løftar fram fleire viktige perspektiv knytt til tryggleik, meistring, inkludering og folkehelse, og dette er omsyn kommunen deler.

Bakgrunnen for at tilbudet ikkje er vidareført er at den statlege tilskotsordninga til svømmeopplæring i barnehagane vart avvikla i statsbudsjettet for 2026. Tidlegare var det ei øyremerkt tilskotsordning på til saman 78 millionar kroner på landsbasis (2025). Avviklinga av ordninga var ein del av budsjettforliket mellom Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet, Raudt og Miljøpartiet Dei Grøne.

Dei frie inntektene til kommunane vart auka i statsbudsjettet for 2026, men etter kommunen si vurdering er det ingen direkte samanheng mellom avviklinga av dette tilskotet og endringar i rammetilskotet til kommunane. Avviklinga av ordninga var eit generelt inndekningstiltak for å finansiere andre prioriteringar i statsbudsjettet. Ei vidareføring av svømmeopplæringa i Sula kommune ville derfor måtte finansierast gjennom omprioriteringar innanfor kommunen sitt ordinære budsjett eller ved bruk av meir av disposisjonsfondet.

Tilskotet finansierte sjølve svømmeopplæringa, inkludert skyss til og frå undervisninga, medan barnehagane måtte dekkje kostnader knytt til eventuell ekstra bemanning og organisering. For barnehageåret 2024/2025 utgjorde tilskotet ca kr 2.050 per barn. Totalt deltok om lag 100 barn frå både kommunale og private barnehagar i ordninga. Tilskotet gjekk direkte til svømmeklubben som organiserte og

gjennomførte opplæringa. Kostnader knytt til ekstra bemanning for å følge barna til og frå opplæringa og for å sikre tilstrekkeleg bemanning i barnehagane desse dagane kom i tillegg til sjølve tilskotet.

I arbeidet med budsjettet har kommunen vore gjennom omfattande prioriteringar og kostnadsreducerande tiltak. Styrarane i barnehagane har gitt innspel til prioriteringar og moglege omdisponeringar for å kunne vidareføre tilbodet til førskulebarna. I vurderingane vart det mellom anna sett på kostnader utover sjølve svømmeopplæringa, som innleige av ekstra personell og andre driftsutgifter knytt til gjennomføringa av ordninga.

Den samla vurderinga var at det ikkje var rom for ytterlegare kutt eller omprioriteringar utover dei kostnadsreducerande tiltaka som allereie er vedtekne i budsjett 2026. Ei vidareføring av tilbodet ville dermed ha gått ut over andre viktige tenester og tiltak for barn og unge i barnehagane.

Oppfølging:

Informerte om at det er landa ein avtale med Røde Kors som reduserer summen betrakteleg. Men eg syns eg ikkje får svar på kvifor ikkje denne kom til politisk behandling. Ein slik sum inn i eit budsjett på i underkant av 1 milliard gjer at saka druknar litt.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 058/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.